



GOL KOMMUNE

Arkivsaksnr.: 2021/2133-6  
Saksbehandler: Hanne Cecilie  
Nes

## Reguleringsendring Pers Resort og deler av Storøyne - Grøn gate

Saksnr.	Utval	Møtedato
	Utval for natur og næring	24.08.2021

### Kommunedirektøren si innstilling

Utval for Natur og næring vil legge reguleringsendring for del av Pers Resort og Storøyne samt del av Områderegulering for Gol sentrum Planid: 2021004 ut på offentlig ettersyn i samsvar med plan- og bygningslova §§ 12-10 og 12-11.

Utvalet vil gi slike vilkår:

- Tiltakshavar skal gå i dialog med stadsutviklingsgruppa for utforming og detaljering av gatetunet
- Det skal leggest fram ein analyse på kva konsekvensar ei slik stenging kan få for utrykningskøyretøy inklusiv belastning tiltaket får for Furuvegen
- Det skal leggest fram teknisk plan som ivaretek vedlikehald kummer og sluk tiltak mot vannlekkasje

### Saksdokument

1. Planbeskrivelse, datert 18.06.2021
  - a. Planskisse – Grøn gate ved Pers hotell, datert 12.10.2017
  - b. Plankart
  - c. Reguleringsbestemmelser
2. Grøn gate ved Pers hotell – Følgenotat, datert 18.10.2017
3. Referat frå Oppstartmøte, datert 05.05.2021
4. Varsel om reguleringsendring, datert 25.05.2021
  - a. Naboliste for bygge og delesaker, datert 19.05.2021
5. UNN sak 86/17, Avklaring av rammer og behandlingssmåte, datert 21.11.2017
6. Uttale frå Statsforvaltaren i Oslo og Viken, datert 14.06.2021
7. Uttale frå Viken fylkeskommune, datert 09.06.2021
8. Kartvedlegg over kommunale eigedomar Gbnr. 14/96 og Gbnr. 10/89 datert 02.07.2021

### Vedlegg

- 1 Planbeskriving
- 2 Reguleringsplan
- 3 Reguleringsbestemmelser
- 4 Kartskisse oktober 2017 - grøn gate ved Pers (Dalevegen)

Ta kontakt med Utbyggingsavdelinga eller sekretariatet dersom det er behov for innsyn i fleire dokument

### **Saksopplysningar**

Asplan Viak pva Pers hotell fremmer reguleringsendring over del av Dalevegen. Endringa omfattar 2 kommunale eigedomar, gbnr.14/96 og gbnr.10/89. Formål med planarbeidet er å få eit grønar og tryggare miljø utanfor hotellet. Ønske er at gata skal kunne køyrast i, og parkerast i, men berre ved spesielle grunnar og heilt spesielle høve. Lengda på den strekninga som skal stengast er om lag 70 meter. Den strekk seg i frå «stugu» (i dag Caza Nostra og Mat so klart) til krysset ved Sentrumsvegen.

Heile gateløpet skal hevast opp i nivå med fortau på begge sider. Matrialbruken i gatebruksplanen for Gol sentrum er tenkt vidareført, supplert med områder med grasarmering. Det er tenkt bygd med betongheller, teglstein, og taktile heller som retningsindikator til fordel for svaksynte og i samsvar med prinsippet om universell utforming.

Statsforvaltaren i Oslo og Viken har uttalt seg positiv til at det blir tilrettelagd for mjuke trafikantar i sentrumsområdet. Likeeins er viken fylkeskommune også positiv til prosjektet. Dei anbefaler at det blir lagt vekt på gode løysingar for universell utforming og mjuke trafikantar.

Førebels skisse er lagt fram:



Det er planlagt bruk av kommunalgrunn. Leige eller kjøp av kommunal grunn har ikkje vore tema så langt i prosessen.

Ein utfordring ved løysinga er forhold til utrykningskøyretøy, brann og renovasjon for den bygningssmassen som ligg innafor stenginga. Det er planlagd bruk av pullerter:

*Pullerter er eit enkelt og effektivt verktøy for å avleie køyretøy frå områder ein ønsker å ha kontroll på. Pullerter blir delt inn i ulike tryggleiksklasser avhengig av trussel, som regel knytt til køyretøyets vekt og mulig hastighet på plassen. Pullertar kan også vera avtagbare.*



### **Overordna plan**

Kommunedelplan for Gol tettstad, datert 05.09.2006, K sak 49/06. Kommunedelplanen er som kjent under revisjon. 2 gangs behandling og sluttbehandling kan tidlegast skje hausten 2021, då Statens vegvesen fortsatt har motsegn. Det er ingen konflikt eller motsegn som rører ved Dalevegen

### **Økonomiske konsekvensar**

Ingen direkte negative økonomiske konsekvensar for kommunen med unntak av det som følgjer av skatter og avgifter. Tiltaket kan generere rikare næringsliv? I modellen fellesfinansiering for infrastruktur er det nemnd at kommunen kan bidra med kommunale areal dersom det er til gode for fellesskapet.

### **Miljøkonsekvensar**

Lite naturmangfald å ta vare på i dette området. Ikkje behov for å utgreie etter naturmangfaldlova. Dersom tiltaket fungerer etter intensjonen med planter og nytt dekke vil det sjølvsgt bidra til eit miljøvennleg og trygt gatetun.

### **Vurdering**

Det er i dag berre to samband mellom Sentrumsvegen og Gamlevegen. Stenging av Dalevegen vil naturlegvis føre til meir trafikk og meir press på Furuvegen. Korleis også etablering av Smedvegen vil påverke det trafikale bilde er uvisst. Ein saknar nokre vurderingar rundt dette. Det same gjeld konsekvensar for utrykningskøyretøy og

renovasjon. Kan det også vera aktuelt å tenkje trussel for terror? Politi, Hallingdal renovasjon, Hallingdal brann og redning vil uansett bli høyringspartar under offentleg ettersyn.

Det pågår eit stadsutviklingsprosjekt i regi av kommunen fortida. Næringslivet har også sin representant i gruppa. Prosjektet handlar nettopp om grønne møteplassar, gangsamband og tilrettelegging for sykkel. Kommunedirektøren ynskjer difor at det skal vera ein dialog mellom tiltakshavar og stadsutviklingsgruppa om utforming og detaljering. I og med at kommune stiller kommunale areal til disposisjon er det naturleg at også kommunen får anledning til å påverke løysinga.

Det er brukt formål gatetun som har eigen Sosi kode og er i veileder frå kommunal og moderniseringsdepartementet formulert slik:

### **Gatetun**

Innenfor underformålet **gatetun** kan det ved bestemmelser angis ulike typer sambruksareal, beplantning- og lekeareal, av- og påstigning, gang- og sykkelveg, innkjørsel til parkeringsanlegg, parkering, møbleringssoner og gågate. Det er sammenhengen bruken av området inngår i som avgjør hvilket formål som skal benyttes. En lekeplass tilknyttet en offentlig gågate i et tettbebyggt strøk er en naturlig del av **gatetun**et og inngår derfor i formålet **gatetun**.

Slik vi les det er det her lagt vekt på leik og leikeareal. Med tanke på at barn og unges interesser skal styrkast i alt planarbeid ville det vera fornuftig med innretningar som kan glede dei.

### **Konklusjon:**

Kommunedirektøren meiner reguleringsendring Grøn gate – Pers hotell, Planid: 2021004 er såpass godt gjennomarbeidd at det er forsvarleg å legge ut forslaget på offentleg ettersyn med visse vilkår:

- Tiltakshavar skal gå i dialog med stadsutviklingsgruppa for utforming og detaljering av gatetunet
- Det skal leggest fram ein analyse på kva konsekvensar ei slik stenging kan få for utrykningskøyretøy inklusiv belastning tiltaket får for Furuvegen
- Det skal leggest fram tekniske planer som ivaretek tiltak mot vannlekkasje

09.08.2021

Hanne Cecilie Nes  
Avdelingsleiar

Svein Eide  
Kommunaldirektør